
Saksnr: 2020/79509-1
Saksbehandlar: Åsmund Andersen Sekse
Dato: 09.04.2021

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Ny tunnelvedlikehaldskontrakt for Vestland fylke - orienteringssak

Bakgrunn for saka

Det er planlagt å lyse ut ny kontrakt DK4611 Vedlikehaldskontrakt tunnel for heile Vestland våren 2021 med oppstart 1.september 2021. Kontrakten erstatter gjeldande kontrakt som omfattar geografisk område Bergen. Gjeldande tunnelvedlikehaldskontrakt går ut 1. september 2021 og vert følgt opp av Statens vegvesen.

Ny kontrakt vil omfatta alle fylkesvegtunnelar i heile Vestland.

Driftsperiode

Kontrakten vil verte lyst ut med fire år for perioden 01.09.2021 – 01.09.2025. Det er mogleg å forlengje kontrakten med 3 år dersom begge partar ønskjer det. I tillegg er det lagt inn 1 års opsjon.

Driftsområde

Gjeldande kontrakt omfattar berre vedlikehald av fylkesvegtunnelar i Bergen. Vedlikehald av alle andre tunnelar i Vestland fylke vert utført gjennom gjeldande driftskontraktar.

Etter kvart som eksisterande driftskontraktar, som inneheld vedlikehald av fylkestunnelar, går ut vert vedlikehald av tunnelar fasa inn i den nye kontrakten for vedlikehald av tunnelar. Utlysing av nye driftskontraktar for veg vil såleis ikkje omfatte vedlikehald av tunnelar.

Oversikt over kontraktsområde med tunnelar som kjem inn i kontrakten:

Kontraktsområder i Vestland fylke*	Inngår i kontrakt frå og med:
1201 Asola, 1202 Stor-Bergen, 1405 Indre Sunnfjord,	01.09.2021
1204 Hardanger inkl deler av 1105 Indre Ryfylket, 1406 Hafs, 1401 Indre Sogn, 1402 Midtre Sogn,	01.09.2022
1404 Ytre Sunnfjord, 1407 Nordfjord,	01.09.2023
1203 Nord Hordaland, 1208 Sunnhordaland, 1206 Voss	01.09.2024

Omfang

Dagens vedlikehaldsstandard vert vidareført i ny kontrakt.

Kontrakten inneheld arbeid som spetteinsk, teknisk vask, heilvask, kvitmaling, reinhald og sikringstiltak som bolting etter behov.

Kontrakten inneheld ikkje elektro som blir utført i eigen kontrakt. Kontrakten inneheld heller ikkje beredskap, då dette er lagt inn i driftskontraktar for veg. Inspeksjon av konstruksjonar som f.eks. portalar, rekkverk og vanlig tunnelinspeksjon er heller ikkje omfatta av tunnelvedlikehaldskontrakten.

Kontraksstrategi

Tunnelmiljøet vert styrka når vi samlar vedlikehald av tunnelar i ein kontrakt. Vi får då i større grad høve til å påverke arbeidet som skal skje i tunnelane våre. Vi set blant anna strengare krav til gjennomføringstid. Vi ynskjer i større grad effektiv framdrift frå arbeidsområdet vert oppretta til det vert avslutta.

Vi vil innføra ei koordinatorrolle som eit prøveprosjekt. Dette for å kunne styre trafikkavviklinga til beste for entreprenør, trafikantar og byggherre. Med innføring av ny koordinatorrolle vil me styre arbeidet som vert utført i tunnel slik at alt vert utført samtidig både inni og utanfor tunnel. I dag skjer det ofte at kvar fagdisiplin stenger tunnelen for å utføre sitt arbeid. På denne måten vil me få kortare periodar med arbeidsvarsling og ulempe for trafikantane. Dette er ein viktig strategisk endring når me veit at arbeidsvarsling kan stå for så mykje som 20-30% av kostnadene, og i nokon tilfelle langt meir. Med ny modell skal me redusere kostnadane til arbeidsvarsling. Det vil verta laga årleg og fleirårlege planar for stengingar.

Det er ikkje lagt inn beredskap i ny kontakt. Dette vil framleis ligge til den aktuelle driftskontrakt for kvart enkelt område.

Økonomi

Ved å endre kontraksstrategien, som reduserer tida som tunnelane er stengde, reknar vi med å redusere kostnadene.